


Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland

JORDBRUKSETATEN
Postboks 348 - 5001 Bergen
Kontoradresse: Småstrandgt. 1
Telefon *(05) 31 14 20



REK

Mons Hølleland
Fornforskargt. 52
72353 Vesterås

SVERIGE

Dykkar ref.

Vår ref. PAL/1a

Dato 170287

SAK NR. 12638600097 FBO. Søkn.om fritak for bu- og driveplikt gnr.11 bnr.3
I LINDÅS KOMMUNE.

Søknaden Dykkar vart handsama av fylkeslandbruksstyret i møte 16.02.1987. Vedlagt fylgjer utskrift av styret si møtebok så langt det vedkjem saka.

Fylkeslandbruksstyret si avgjerd kan De klaga inn for Landbruksdepartementet. Ei eventuell klage bør vera grunngitt, jfr. § 32 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 - tre - veker rekna frå den dagen De tek i mot denne meldinga. Klaga skal sendast til Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland.

Etter §§ 18 og 19 i forvaltningslova har De, med visse unntak, rett til å få sjå dokumenta i saka.

For fylkeslandbrukssjefen

Per A. Lund

Linda Antonesen

Kopi til: Kjøparen
Landbrukskontoret

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Lindås			
Møte	Sak	Møte	Sak
2.7.1986	12638600097 FBO	160287	
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
419/86			

Søknad om fritak for bu- og driveplikta, ved overtaking av gnr. 11, bnr. 3 Hølleland i Lindås.

Søkjar: Mons Hølleland, Fornforskargt. 52, 72353 Vesterås, Sverige.

Arealet på eigedomen er på omlag 180 da., derav 12 da. dyrka jord. Bruket har dei siste åra vore leigd bort til grannane. Søkjaren bur f. t. i Sverige, men er norsk statsborgar.

Tilråding:

Landbruksnemnda i Lindås vil rå til at søkjaren får fritak med buplikta i 5 år, men må i nemnde tidsromsyta for at bruket vert forsvarleg drive.

Vedtak:

Landbruksnemnda godkjenner samrøystes tilrådinga.

FYLKESLANDBRUKSSTYRET
PAL/1a

Fritak frå bu- og driveplikt på gnr. 11 bnr. 3 i Lindås.

Ingen av styremedlemene sa seg ugilde.

Fylkeslandbrukssjefen si fråsegn:

Søkjaren overtok dette bruket frå far sin ved skøyte tinglyst 14.08.86. Han er 57 år og er busett i Sverige og søker permanent fritak frå bu- og driveplikta. Om føremålet med ervervet heiter det å søknaden: "Halda garden i hevd til nokon yngre i slekta kan overta". Om dette har han gjeve nærare opplysning i brev av 27.12.86, der det heiter:

" Underskrivne kjem til å ta ansvaret for garden til år 2000 då nokon av desse vil kunne førebu seg på å ta over.


Minne to søner, Steffen eller Harald Hølleland, 23 og 20 år gamle.

Min brorson Audun Hølleland, 27 år gamal

Mine to brordøttre, Bente Mertethe eller Eileen Hølland, 20 og 18 år gamle". .

./.

Sign. (Lbn.)



Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

Fylkeslandbrukskontoret
Mons Hølleland

MØTEBOK

FOTOKOPPI
Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte 160287	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

Fylkeslandbrukssjefen syner til landbruksnemnda si møtebok 02.07.86, der nemnda rår til at det vert gjeve fritak med buplikta i 5 år, på vilkår av at bruket vert forsvarleg drive i denne tida.

Ved skriv 13.01.87 har heradsagronomen gjeve slike opplysningar om dette bruket og om nabobruket, gnr. 12 bnr. 1, som har leigd bruket dei siste åra.

Heile innmarka på bruket er på omlag 30 da., derav 12 da. overflatedyrka og 18 da. gjødsla beite. Det meste av arealet er bratt.

I den nedre delen av utmarka er det noko blandingsskog. Elles er det snau lyngmark.

Nils Veland er eigar av gnr. 12, bnr. 1. Dette er eit utbyggingsbruk med 32 da. dyrka jord, 40 da. overflatedyrka jord og leiger elles noko jord.

Buskapen er her på 65 vinterfora sau og 8 oksar pr. år.

Fylkeslandbrukssjefen har vurdert dei relevante opplysningane i saka om bruksstorleik, driftstilhøve, og søkjar si tilknytning til eigedommen, og vil etter ei samla vurdering rå til at det vert gjeve utsetjing med buplikta i 10 år på vilkår av at bruket i denne tida vert leigt bort til nabobruk.

Framlegg til vedtak:

Fylkeslandbruksstyret syner til fylkeslandbrukssjefen si fråsegn og gjev søkjaren utsetjing med bu- og personleg driveplikta på gnr. 11 bnr. 3 i Lindås til 01.01.1997.

Det er eit vilkår for utsetjinga at bruket i denne tida vert forsvarleg dreve som landbruk, og at eigar av gnr. 12 bnr. 1 får tilbod om å eige bruket i denne tida, dersom han ønskjer det.

Vedtak:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg samrøystes til fylkeslandbrukssjefen sitt framlegg til vedtak, men det vert dessutan sett som vilkår at eigaren av skogetaten i Lindås snarast får utarbeid driftsplan for skogarealet på gnr. 11 bnr. 3, og at han så driv skogarealet i samsvar med planen.

Sign. (Lbn.)	Sign. (Fl.st.)	Utskrift sendt til:
--------------	----------------	---------------------